# DEN iNTERNASJONALE FRÅSEGNA OM MENNESKE

## INNLEIING

Då det å godklenne det naturlege menneskeverdet med like og umissande rettar for alle menneske på iorda er grunnlaget for fridom, rettferd og fred i verda.
og da hån og vørdsløyse mot menneskerettane har ført til barbariske handlingar som har skaka samvitet til menneskeretta, er framvoksteren i den verda der menneska skal ha talefridom og trusfridom og vete løyste frå otte og naud, kunngjord som det høgste målet for kvart menneske,
og då det er nødvendig at menneskerettane blir verna om av lover slik at menneska ikkje blir tvinga til å finne den siste utvegen i å gjere opprør mot tyranni og trælekår,
og då det er nødvendig å arbeide for betre tllhøve mellom nasjonane,
og då folka i Del Sameinte Nasjonane har stadfest trua si i denne pakta, på grunnleggjande menneskerettar, på menneskeverd og på same rett for mann og kvinne, og har vedteke å arbeide for sosiale framsteg og betre levevilkår i større fridom,
og då medlemsstatane har bunde seg til å fremje allmenn vørdnad for pakta og halde seg etter menneskerettane og den grunnleggjande fridomen i samarbeid med Del Sameinte Nasjonane.
og då denne retten og fridomen må bli godkjend av alle dersom pakta skal bli røyndom,

KUNNGJER

GENERALFORSAMLINGA

DEN INTERNASJONALE FRÅSEGNA OM MENNESKERETTANE

peike mot eir sams mål for alle folk og nasjonar. Fråsegna må alltid vere i tankane til den einskilde og del styrande og få del til å styrkje vørdnaden for rett og fridom gjennom undervisning og oppseding. Del skal syte for at fråsegna blir allment kjend og etterlevd både i medlemslanda og i tilsynsområda, og arbeide trufast med dette både på nasjonalt og internasjonalt grunnlag.